

Månad: November 2017

AKTIVITET

Psykisk helsevern	Denne periode				Til no i år					
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 205	1 609	-404	1 574	-369	16 225	16 787	-562	17 004	-779
Tal utskrivne pasientar	85	91	-6	106	-21	966	999	-33	1 090	-124
Poliklinisk dagbehandling	41	28	13	43	-2	412	275	137	369	43
Polikliniske kons. m/refusjon	2 519	2 166	353	2 526	-7	25 019	21 546	3 473	22 615	2 404
Rus										
Tal heildøgnsopphald	631	696	-65	623	8	6 353	7 257	-904	7 112	-759
Tal utskrivne pasientar	20	15	5	8	12	196	166	30	174	22
Polikliniske kons. m/refusjon	266	313	-47	259	7	2 772	3 117	-345	2 881	-109
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	87	109	-22	177	-90	1 074	1 091	-17	968	106
Tal utskrivne pasientar UPH	8	8	-0	4	4	85	92	-7	86	-1
Polikliniske kons. m/refusjon	1 544	1 889	-345	1 846	-302	15 271	17 497	-2 226	16 425	-1 154

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/RUS)

Aktivitet innanfor psykisk helsevern er lågare enn normalt i perioden. Aktiviteten i døgnsesksjonane er litt lågare enn budsjett, medan poliklinikkane har fleire konsultasjonar enn budsjett. Beleggsprosenten på dei distriktpsikiatriske sentera (DPS) er 66 prosent i snitt. Akuttposten hadde 77 prosent belegg i perioden.


Innanfor rus er aktiviteten litt lågare enn budsjett, og gjennomsnittleg beleggsprosent på ruspostane er 74 prosent i perioden.

Akkumulert er aktiviteten høgare enn fjoråret innan PHV, men litt lågare innan TSB.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten er litt lågare enn plan for perioden ved poliklinikkane. 48 prosent belegg på UPH i perioden.

Akkumulert er aktiviteten litt lågare enn fjoråret.

Beleggsprosent døgnsesksjonar


Beleggsprosenten i perioden er 66 prosent i snitt på DPS, og 74 prosent på ruspostane. UPH hadde eit belegg på 48 prosent i perioden.

ØKONOMI

Psykisk helsevern	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	31 435	31 435	-0	327 281	327 281	-0
ISF eigne pasientar	2 963	2 052	911	17 253	19 750	-2 498
Gjestepasientar	274	183	91	1 009	2 017	-1 008
Polikniske inntekter	4	-	4	58	-	58
Andre øyremerka tilskot	109	114	-4	1 533	1 250	283
Andre driftsinntekter	843	865	-21	8 852	8 725	126
Sum driftsinntekter	35 629	34 649	980	355 986	359 024	-3 038
Kjøp av offentlege helsetenester	2 381	1 213	-1 168	19 457	13 340	-6 117
Kjøp av private helsetenester	190	134	-56	2 200	1 473	-726
Varekostnader knytt til aktivitet	411	418	7	4 182	4 155	-27
Innleige av personell	741	382	-359	10 575	9 518	-1 056
Løn til fast tilsette	22 820	23 119	298	227 006	231 893	4 887
Overtid og ekstrahjelp	698	678	-20	6 723	7 218	496
Pensjon inkl. arbeidsgjevaravgift	4 798	4 798	0	52 322	52 322	-0
Offentlege tilskot og refusjonar vedr. arbeidskraft	-1 309	-702	608	-10 835	-7 720	3 116
Anna løn	3 185	3 414	229	31 625	33 656	2 031
Andre driftskostnader	1 836	1 196	-640	12 866	13 169	303
Sum driftskostnader	35 751	34 649	-1 102	356 119	359 024	2 905
Driftsresultat	-122	0	-122	-133	0	-133

Perioden:

Totalt inntekter i perioden er 1 mill. høgare enn budsjett. Aktivitetsbaserte inntekter (ISF) er høgare enn budsjett i perioden fordi vi har fått etterbetalt verdien av endra takstar i DRG-systemet sidan januar. Ein del av PHV sine inntekter er framleis bokført på budsjetteknisk område i Helse Førde. Beløpet er om lag 0,42 mill. per månad, og i styresak om budsjett for 2017 er det vedteke at vi skal få tilført dei manglande inntektene som er tildelt frå Helse Vest på eit seinare tidspunkt. Reelle inntekter i perioden er såleis 0,42 mill. høgare enn bokførte inntekter.

I oktober har det vore høge kostnader til kjøp av behandlingsslassar i andre føretak. Vi betalar no for fire tryggleiksplassar i andre føretak, og samla sett er kostnaden i perioden 1,2 mill. høgare enn budsjett.

Vi har hatt meir innleige av personell enn planlagt fordi vi ikkje har greidd å rekruttere overlegar til ledige stillingar slik vi budsjetterte med frå hausten 2017. Løn til tilsette er lågare enn budsjett, og samla sett er personalkostnadene i perioden 0,7 mill. lågare enn budsjett.

Totalt kostnader i perioden er 1,1 mill. høgare enn budsjett, og bokført resultat i perioden er 0,1 millionar svakare enn budsjett. Reelt resultat for perioden er 0,3 mill. betre enn budsjett når vi tek omsyn til basisinntekt som vert tilført på eit seinare tidspunkt.

Akkumulert:

Bokførte inntekter er 3,0 mill. lågare enn budsjett. Årsaka til dette er hovudsakleg at vi ikkje har fått full betaling for utført aktivitet. Aktiviteten er vesentleg høgare enn i 2016, og etter elleve månader drift i 2017 manglar vi om lag 4,6 mill. i inntekter som førebels er bokført sentralt i Helse Førde. Vi har til no i år hatt litt færre gjestepasientar frå andre regionar enn venta, og desse inntektene er om lag 1 mill. lågare enn budsjett. Diverse andre inntekter er litt høgare enn budsjett.


Samla sett er driftskostnadene 2,9 mill. lågare enn budsjett til no i år. Hovudforklaringa er lågare personalkostnader som følgje av vakante stillingar og at tilsette har hatt permisjon utan løn. Kostnader til kjøp av behandlingsslassar i andre regionar har vore høge til no i år på grunn av dyre tryggleiksplassar som må kjøpast frå andre helseføretak. For tida brukar vi om lag 2,4 mill. i månaden for å kjøpe fire slike plassar.

Akkumulert har vi eit bokført resultat som er 0,1 mill. svakare enn budsjett. Når vi tek omsyn til basisinntekt som er halde tilbake, er det akkumulerte resultatet 4,5 mill. betre enn budsjett.

Prognosen vår for 2017 er eit resultat som er 4,5 millionar betre enn budsjett.

MEDARBEIDARAR


Månadsverk:



Tal månadsverk i PHV vert redusert over tid.

Gjennomsnittleg tal brutto månadsverk siste 12 månader er 422. For eitt år sidan var dette talet 429.

Sjukefråvær:




Sjukefråværet var 7,4 prosent i oktober mot 6,3 prosent i same periode førre år.

Gjennomsnittleg sjukefråværet siste 12 månader var 6,7 prosent. For eitt år sidan var dette talet 6,9 prosent.

KVALITET

Epikrise




I november var 93 prosent av epikrisane sende innan fristen.

Korridorpasientar

Det er ikkje registrert korridorpasientar i november 2017.


Ventetid for ventande ved slutten av perioden



Det er 168 pasientar som ventar på behandling ved utløpet av perioden. Dei har i snitt venta i 21 dagar.

I same periode i 2016 var det 191 pasientar som venta på behandling, med gjennomsnittleg ventetid på 17 dagar.

Ventetid der behandling er starta i perioden



Periode	Ventetid
2016-nov	25
2016-des	27
2017-jan	34
2017-feb	26
2017-mar	29
2017-apr	31
2017-mai	30
2017-jun	33
2017-jul	31
2017-aug	39
2017-sep	27
2017-okt	26
2017-nov	27

Dei 149 pasientane som har fått starta si behandling i perioden, har i snitt venta 27 dagar før behandlinga starta.

I same periode i 2016 var det 137 pasientar som hadde gjennomsnittleg ventetid på 25 dagar før dei fekk starta si behandling.

Ventetid i kalenderdagar

Ventande ved periodeslutt.

Ventetid i kalenderdagar	Pasientar	I prosent
1-10	63	38 %
11-30	68	41 %
31-90	33	20 %
91-180	1	1 %
181-365		
365+		

Ventetidene er generelt korte.

Fristbrot

Eining med fristbrot	For ventande ved periodeslutt	
	Pasientar	I prosent
Psykisk Helsevern Barn og Unge	0	0 %
Indre Sogn Psykiatrisenter	0	0 %
Nordfjord Psykiatrisenter	0	0 %
Psykiatrisk klinikk	0	0 %

Ingen fristbrot i perioden.